



# DET NORSKE TEATRET







### **HENRYK TOMASZEWSKI**


treng ingen presentasjon som gjestande koreograf og regissør på Det Norske Teatret. «Forbanninga» er den fjerde framsyninga han lagar hos oss («Kjærleikshagen», «Proessen» av Kafka og «Saa byder mig en stemme», bygd over «Brand» og «Peer Gynt»).

Han er alltid velkomen, som menneske og som kunstnar: han er ein visjonær diktar i sceneromet, slik hans store landsmann Wyspianski var visjonær diktar på papiret, på lerretet og – i drøymde scenerom. Om Wyspianski og den nyskapande funksjon han fekk i polsk dramadiktning og scenografi, står det å lesa andre stader i programmet. I hans fotefar blømer i dag polsk scenografi rikt og originalt. Og ein av dei aller fremste hjelper Tomaszewski i arbeidet med å gje «Forbanninga» scenisk form på ein norsk scene:

### **KAZIMIERZ WISNIAK**

Han har òg gjesta oss før, som scenograf i «Kjærleikshagen» og vi ynskjer han velkomen her på nytt, med stimulerande nye impulsar for vårt heimlege teaterliv.

Tormod Skagestad



# Henryk Tomaszewski: STANISLAW WYSPIANSKI

Stanislaw Wyspianski har ein heilt spesiell plass i polsk kultur. Med den mangslungne og rike arven frå romantisk kunst går han inn i det tjuande hundreåret og blir Polens modernist og scenereformator.

Wyspianski var målar, men svært ukonvensjonell og med eit breitt register. Arbeida hans spenner frå staffelibilete til kyrkje-freskar, glassmåleri og scenebilette.


På slutten av 1900-talet utviklar han idéar om scenografi som går i retning av moderne oppfatningar, og gjer scenebiletet til ein organisk del av framsyninga. Han var poet og dramatikar. Dei store dramatiske arbeida hans, «Bryllaupet», «Novembernatt» og «Frigjering», førte det polske dramaet inn på nye vegar. Med ein stil som var ny i samtida kom han til å føregripe det symbolistiske, kultiske og ekspresjonistiske i europeisk teater.

Wyspianskis sceniske verk, store visjonar om menneskeleg kamp og liding, talar like sterkt til oss i dag som til hans eiga samtid, for dei eig ei kraft og medkjensle som vinn over tida.

Fantasien hans krinsar om elementa – vatn, luft og eld, kampen mellom liv og død, mennesket sin evige kamp mot Satan og mot den urettvise lagnaden. Gamle historier og overtru vaknar til live, tragediar blir spela ut på nytt.

«Forbanninga» – Wyspianskis «greske» tragedie – byggjer på ei autentisk hending som gjekk føre seg i ein landsby nær Krakow, der Wyspianski budde. Dramaet handlar om skuld, soning og ansvar, – omgrep som står for noko anna i dag enn for 70 år sidan.

«Forbanninga» er meir enn eit bondedrama. Dei daglegdagse hendingane blir allmenngyldige. Stille framfor døden kjenner menneska seg truga, redde for å



Ola B. Johannessen (Presten) Anita Rummelhoff (Kvinna)  
Grete Nordrå (Mora)

miste dette livet, redde for det dei skal møte på den andre sida. I denne atmosfæren kan ein ikkje lenger skilje ærleg tru, fanatisme og vanvit.

Det som verkar mest tiltrekkjande på oss i dag — 100 år etter Wyspianskis fødsel, — er idéen hans om det «totale» teater — det mangfeldte, kultiske og p l a s t i s k e teatret som i høg grad svarer til eit moderne teatersyn.

# DEN KATOLSKE KYRKJA OG SØLIBATET

«Sølibatet skremmer kandidatene fra prekestolen. Mange søker om pavelig dispensasjon.»

(Overskrift i Dagbladet 8/9-69.)

I åra 1963–68 kom det søknader om dispensasjon frå sølibatspåbodet frå til saman 3330 prestar over heile verda, av di dei ville gifte seg. Desse prestane utgjorde 1,28 % av det katolske presteskap i verda. Av desse fekk heile 2949 dispensasjon, altså 82 % av dei som søkte. Dette syner at den katolske kyrkja forstår dei prestane som har sølibatsproblem og vil tre inn i den heilage ektestand. Vi nemner at det i 1963 ikkje blei gitt ein einaste dispensasjon, trass i 91 søknader, – mot 1017 dispensasjonar i 1968.

(Helge Rabben i Dagbladet 8/9-69.)

Det at prestane i den katolske kyrkja skal leve i sølibat, er ikkje eit guddommeleg påbod, men snarare ein praktisk føresetnad. Prestane skal vere budd på å bli stasjonerte kvar som helst i verda, og ei ektefelle vil gjere dette vanskeleg. Dessutan kan familieliv lett gjere presten meir verdsleg orientert, og gjere det vanskelegare for ham å stå til kyrkjelydens rådvelde til ei kvar tid.

Ola B. Johannessen





Anita Rummelhoff og Per Tofte

«Det blir ofte hevda frå ikkje-katolsk hald at sølibatet er ein altfor stor påkjenning. Men for han som har klart for seg kva kallet krev av ham, og følgjer det bevisst og etter mogen overveining, er påkjenninga mindre. Vanskelegare blir det om han det gjeld ikkje er villig til å ofre noko av seg sjølv, men vel denne vegen av tvang. Einkvar tvang som har ein ytre grunn, t.d. når nokon blir prest for å tilfredsstille ambisjonane til foreldra, eller av ei kjensle av plikt overfor dei, har berre ein parallell som i seg sjølv er like skadeleg. Det er den indre tvang som spring ut av ei ureflektert kjensle av ufråviseleg plikt. Einskilde «kall» er kanhende av eit slikt slag?»

(Frank Roberts, Innendingar mot Katolisismen.)

**Den som her på jord høgtideleg har svore  
og lova Gud si sjel, som høgt og dyrt har gjeve  
eit løfte om å leve kyskt og reint,  
og bryt det løftet,  
for han finst ingen nåde, for han er alt for seint.  
Han sender Gud til straff dei verste pinsler,  
og han og borna hans, det kjæraste han har,  
blir støytt inn i dei fordømde eld.**

(Presten i «Forbanninga» av Wyspianski.)

# STANISLAW WYSPIANSKI - far til moderne polsk teater


Målararkunsten syntes å vere sjølv grunnlaget for Wyspianskis dramatiske arbeid. Det han sette ned på papiret hadde han «sett». Han laga sjølv utkast til dekor og kostyme for stykka sine, og verka hans er som partitur — han spelar ikkje berre på ordet, men på alle dei «instrument» teatret har til rådvelde: Lys, lyd, fargar, plastiske grupperingar, dekor og kostymar.

Den litterære produksjonen hans var intens, og stykka hans er ujamne, ofte rått tilhogne. Dette hang nok saman med at han leid av ein sjukdom som lækjarane ikkje hadde råder mot. Han visste at døden kunne avbryte han midt i eit arbeid, og han ga seg ikkje tid til å finpusse og skrive om. Men hans eigen natur var vel òg slik at han leit meir på visjonen enn på langsameleg arbeid med teksten.

Etter hans første skodespel «Warszawianka» (Song til Warszawa) kom Wyspianskis støste suksess «Wesele» (Bryllaupet), som hadde urpremiere på Teatr Maly i Krakow i 1901. Dette stykket er på mange vis svært typisk for dei polske tilhøva ved hundreårsskiftet. Temaet var noko Wyspianski kjende til frå sin eigen krins: Wyspianski hadde sjølv gifta seg med ei bondejente, og alliansen mellom dei intellektuelle og «folket» var svært populær i denne perioden. Men temaet hadde òg ein bakgrunn i samfunnet slik det var: Etter kongressen i Wien i 1815 vart Polen delt i tre. Krakow og den sør-austlege delen stod under austerrisk herredøme og hadde litt friare forhold enn resten av landet, som var delt mellom Tsar-Russland og Bismarcks Preussen. Motviljen mot framand herredøme gjorde at gamle klasseskilje spela mindre rolle, — folket skulle stå saman mot okkupantane.

«Bryllaupet» er både ein sosialpolitisk komedie og ein kritikk av eit samfunn som Wyspianski ser på som umoge til å føre fram kampen for sjølvstende. I dei andre stykka sine har Wyspianski òg nytta nasjonale hendingar som tema. «Song om Warszawa» handlar om oppstanden i 1830–31. «Lelewel» har namn etter ein av heltane frå denne oppstanden og «Noc Listopadowa» (Novembernatt) har utgangspunkt i same historiske situasjon. «Legion» handlar om 1848-opp-





STANISLAW WYSPIANSKI, selvportrett

standen. Han har òg skrive ei rad skodespel med tema frå tidlegare polsk historie.

Utgangspunktet for «Forbanninga» frå 1899 er ei historie som kona til Wyspianski fekk høyre på torget. I ei lita bygd utanfor Tarow fanst det ein prest som levde saman med hushalderska si. Det folkesnakket såg på som ein rettelig godbit, gav Wyspianski idéen til eit drama som på mange vis er typisk for den literære generasjonen han hørde til. Han brukte historia som utgangspunkt, men bygde opp skodespelet nesten som ein gresk tragedie.

I tida 1890–1900 var polsk kulturliv prega av «Det Unge Polen», ei gruppe som talde både Stanislaw Przybyszewski, S. Zeromski og Nobelprisvinnaren Reymont. Dei var opprørarar mot den realismen som hadde rådd i europeisk åndsliv, og protesterte mot borgarskap og rasjonelle tankemåtar. Språket blir ann-



Bjørn Jenseg som «Einebuaren»

leis, på kunsten deira kan vi sette etikettar som symbolisme, ekspresjonisme, dekadensse — alle dei straumdraga som vi finn att i europeisk åndsliv no på slutten av hundreåret — fin de siècle. Men polsk kunst, som t.d. Wyspianskis, hadde sterke innslag av nasjonalromantikk — kampen galdt ikkje berre politisk frigjering, — dei protesterte òg mot det småborgarlege kultursynet som rådde grunnen. Tema og formspråk i «Forbanninga» er på mange vis typisk for denne retninga. Wyspianski er blitt ståande som ein nyskapar i polsk teater, og som ein av dei fremste scenereformatorar i Europa.

Men i si eiga levetid vart han ikkje forstått. Han arbeidde i eit politisk avhengig land med dårleg økonomi, og i ein etter måten liten by — Krakow hadde berre hundre tusen innbyggjarar. Som dramatikar og målar var han oversett i Polen og ukjend i utlandet. Likevel er det ikkje for sterkt å kalle han far til det moderne polske teatret. Generasjonar av teaterfolk har nytta idéane hans, og Wyspianski var ein nødvendig føresetnad for at folk som Gombrowics og Witkacy skulle få sleppe fram.



Anita Rummelhoff (Kvinna) og Øyvind Øyen (Landsbyeldste)

Ola B. Johannessen (Presten) og  
Frimann Falck Clausen (Ringaren)



# STANISLAW WYSPIANSKI - ein kronologi

- 1869 Stanislaw Wyspianski blir fødd i Krakow den 15/1.
- 1884–85 Den første studietida ved Kunstakademiet i Krakow.
- 1887 Ferdig med Gymnasiet.
- 1887–95 Held fram ved Kunstakademiet.
- 1887–90 og  
1896–97 Wyspianski studerar kunsthistorie, litteratur og historie med Jagielconski Universitetet i Krakow.
- 1890 Reiser til Italia, Sveits, Frankrike, Tyskland og Tsjekkoslovakia (Praha).
- 1891–94 Korte opphald i Paris, arbeider med Gauguin, held til i impressionistkrinsar.
- 1891–93 Skriv sine første dramatiske verk i Paris: «Daniel» og «Dronninga av Polens krone».
- 1898 Dette året skriv Wyspianski «Forbanninga» («Klatwa») og «Lelewel».

# FORBANNINGA

(Klåtwa)

av Stanislaw Wyspianski


omsett av Arnljot Eggen

regi:	HENRYK TOMASZEWSKI
scenografi:	KAZIMIERZ WISNIAK
regiassistent:	SIRI ROM
kor- og replikkinstudering:	VIRAN WALLSTRØM
inspisient:	KRZYSZTOF SELIGA
tolk og script:	KNUD JACOBSEN
parykkmakar:	DORO WALSTAD

Kostyma er laga på Systova, Det Norske Teatret, under leiing av Kirsten Høidahl.

Dekorasjonen er laga på Målarsalen, Det Norske Teatret, under leiing av Snorre Tindberg.

Première den 16. september 1969



Nina Sundbye, skisse frå prøve på «Forbanninga»

PERSONANE:

Presten	OLA B. JOHANNESSEN
Mor hans	GRETE NORDRÅ
Den unge kvinna	ANITA RUMMELHOFF
Landsbyeldste	ØYVIND ØYEN
Ringaren	FRIMANN FALCK CLAUSEN
Tenesteguten	ROLF ARLY LUND
Tenestejenta	EVA SOLBAKKEN
Einebuaren	BJØRN JENSEG

KORET:

LASSE BARTNES	JANNIKE BONNEVIE
BENTE LUND	BONNE GAUGUIN
SIRI ROM	TURID GROTTORUD
OLE A. SIMENSEN	KARIN HAUGEN
PER TOFTE	EGIL ROLLAND
TORGEIR FONNLID	BJØRN SKJEFSTAD
THOR AAMODT	

ELLES MEDVERKAR:

STEIN MATRE  
SIMEN REVOLD  
TORMOD SØRØY  
KARSTEN KRISTIANSEN

BARNA:

DOMINICA SELIGA  
THOMAS WOLLNICK

15 min. paus etter første del.

programredaksjon: Krysstof Seliga, Svein Selvig, Hakon Qviller  
foto: Sturlason  
trykk: Torres Trykkeri, Oslo

I

Tørken herjar,  
alt som blømer,  
åkrar rivnar svarte.  
Store Almakt,  
så strengt du dømmer,  
lidinga brenn i vårt hjarte.

II

Solstrålar herjar,  
grøda må velkne,  
ei galen sol gjer oss skjelven.  
Herrens rettferd  
er komen med telknet,  
det logar i eld på kvelven.

III

Streng dommar,  
vis oss din nåde,  
her nauda byrjar grine.  
Nye voner  
må vi få skode,  
og løys kvar syndar frå sut og pine.

Koret frå «Forbanninga»



- 1901           Premiere på «Bryllaupet» («Wesele») i Krakow den 16/3.
- 1904           Skriv «Akropolis».
- 1901–05       Wyspianski får dei første kontaktar med teatra i Krakow, arbeider som iscenesetjar, scenograf og kunstnarleg konsulent.
- 1907           Stanislaw Wyspianski døyr i Krakow den 28/11, berre 38 år gammal.

# SCENOGRAFEN WYSPIANSKI



Kostymeskisse  
til Protesilas  
av Wyspianski

Ved sidan av å vere dramatikar og målar er Wyspianski ein viktig scenisk reformator, og han markerer starten til polsk scenografi slik den er i dag. Han fekk ikkje realisert mange av teikningane sine, men det finst idéar i scenetilvisingane for stykka hans som er revolusjonerande innan faget. Wyspianski ville ha ein tett, koloristisk dekor som tok utgangspunktet sitt i ein analyse av stykket. (Dette høyrest sjølv sagt ut i dag, men den gongen hadde svært mange teater dekorasjonar som berre sto der og plasserte tida og ramma kring handlinga, utan at dei vart endra frå stykke til stykke.)

Til sitt eige stykke «Song om Warszawa» hadde Wyspianski dekorframlegg der fargane svart, kvitt og gull dominerte; «Bryllaupet» var tenkt som ein veksilverknad mellom livlege kostyme og ein dekor i gråblått; til «Forbanninga» skulle scenen vere bygd opp av fleksible plattingar; rekvisittar og andre dekorelement skulle reduserast til eit minimum. Dekoren til


«Legenda» — det hadde han tenkt seg som eit snitt gjennom elva Vistula, der den nedre delen av scenen var ei mytisk verd, medan dei «verklege» personane spela på øvste plattform.

«Den tapre Boleslaw» var det einaste av sine eigne drama han fekk høve til å realisera. Til denne oppsetjinga laga han ein fantastisk arkitektonisk konstruksjon som faktisk k u n n e byggjast. Både dekor og kostyme var ei kunstnarleg nyskaping, bygd på element frå folkekunsten.

Wypianski moderniserte òg den tradisjonelle «greske» dekoren og gav den eit tilnærma polsk preg, ei «nasjonalisering» av dekoren som nett da hadde starta i vest-européisk teater. Så tidleg som i 1903, til oppsetjinga av «Frigjering», let han sceneskifta gå føre seg for ope teppe, — hans svar til naturalistane sitt krav om at teatret skulle skape ein fullstendig illusjon.

I ei anna oppsetjing frå same året plasserte han marionettar blandt skodespelarane, og nytta film i ein draumsekvens i stykket.

Dekorasjonsskisse til Protesilas i Laodamia av Stanislaw Wypianski 1902





Kostymeskisser til Boleslaw Smialy

I 1905 arbejdede Wyspianski med planar om eit «mammut»-teater som skulle vere heilt rundt og med auditorium som ein arena. Scenen tenkte han seg i to plan, omgitt av ein rundhorisont.

(Frå: «Polsk Scenografi»  
av Zénobiusz Strzelecki)

Kostymeskisser til Boleslaw Smialy





Kostymeskisse av K. Wisniak: Einebuaren i «Forbanninga»,  
Det Norske Teatret 1969

# FORBANNINGA

15. Men vil du ikkje høyra på røysti åt Herren din Gud, aktar du ikkje på å halda alle bodi og lovane hans, dei som eg legg fram for deg i dag, skal det ganga deg so at kvar forbanning eg nemner, skal nå deg og taka deg att:
  
16. Forbanna vere du i byen! Forbanna vere du på marki!
  
17. Forbanna vere korgi di og bakstetroget ditt!
  
18. Forbanna vere borni som du avlar, og grøda som jordi di ber, og buskapen som du el, det som fell undan storfeet, og det som kjem til småfenadflokken!
  
22. Med sott som tærer og brenn, skal han søkja deg, med hete-flagor og verk, med turkâr og moldaks og rust, og dei skal elta deg til du er kvitt.
  
23. Himmelen oppyver deg skal vere som eit kopartak, og jordi under deg som av jarn.
  
24. Dust og sand skal vera det regnet som Herren gjev landet ditt; Frå himmelen skal det falle neddyver deg, til du vert kjøvd.
  
61. Og kvar ei sott og kvar ei ulukke som er unemnd i denne lovboki, skal Herren lata koma yver deg, til du er heiltupp tynt og øydelagd.

Den Landsbyeldste: Tenk etter, likevel, den tørken  
som i mange dagar no har tørka  
ut kvar åker — kva er den?

Presten: Ei forbanning fra Vårherre!

Landsbyeldste: Men at den er komen over oss —  
er Dykkar skuld igjen.

(«Forbanninga», Wyspianski, s. 19)

Ola B. Johannessen som «Presten» og Bjørn Jenseg  
som «Einebuaren» omgitt av landsbyfolka





Ola B. Johannessen og Rolf Arly Lund

«Og katolikerne er mennesker de og, det er ikke til å se forskjell på dem og os, og jeg har faret med mange av dem. En gang vi lå i Belfast og iastet kom en jernblokk ned fra riggen og slog en sån katolik i dækket. Vi trodde alle det var forbi med ham og han fikk doktor og plaster og dråper alt han vann. Det gikk en nat. Presten! sa han, og da så det ut til å være på det siste med ham. Men omforlatelse, presten kom, katolsk han og, skjønner du, og da de to hadde været alene en stund så var det som et mirakels at manden var blit bedre, han var let og glad og tilfreds med å dø og alt sammen. Det kom av at han hadde ligget der og tilståt alt det gale han hadde gjort i livet, og presten hadde tat alle syndene hans på seg og git ham forlatelse fra Gud selv. Det har de katolske prester makt til — er det ikke en overhændig makt! Det er noget andet end vore prester, hvad har de makt til? Jeg estimerer ikke en eneste av dem. Skal vi gå hele livstiden og være vakt? Her var det gjort på en halv time.»



# På DET NORSKE TEATRET

## går no:

### „FORBANNINGA”

av Stanislaw Wyspianski

regi: Henryk Tomaszewski

dekor: Kazimierz Wisniak

### „TIL DAMASKUS”

av August Strindberg

regi: Tormod Skagestad

dekor og kostyme: Arne Walentin

#### I dei største rollene:

Lise Fjeldstad

Johan Kjelsberg

Tordis Maurstad

Elisabeth Bang

Bjarne Andersen

Odd Furøy

Lars Tvinde

#### Neste premièrè:

medio oktober «**Hemmet**» av Kent Andersson/  
Bengt Bratt

regi: Elisabeth Bang

dekor: Arne Walentin

#### For barna:

Premièrè 24. september på

«**Pippi Langstrømpe**» av Astrid Lindgren

regi: Rolf Sand

dekor: Kjell Stormoen

#### I dei største rollene:

Britt Langlie (Pippi)

Sverre Holm

Lasse Bartnes

Tom Tellefsen

Bjørg Jensen

Frimann Falck Clausen

## REPERTOARET PÅ DEI ANDRE TEATRA I SEPTEMBER:



### NATIONAL THEATRET

**FRUER PÅ VIFT** av Georges Fey-  
deau, regi: Yngve Nordwall. **DEN**  
**STUNDESLØSE** av Ludvig Hol-

berg, regi: Edith Roger. **SUPERBOY** av Helge Hagerup, regi: Jan  
Bull. **NÅR DEN NY VIN BLOMSTRER** av Bjørnstjerne Bjørnson,  
regi: Knut M. Hansson. **BYGMESTER SOLNESS** av Henrik Ibsen,  
regi: Arild Brinchmann.

**For barna: DYRENE I HAKKEBAKKESKOGEN** av Torbjørn Egner,  
regi: Torbjørn Egner.



**SKULLE DET DUKKE OPP FLERE**  
**LIK . . .** av Jack Popplewell, regi:  
Jon Lennart Mjøen. **VICTOR** av  
Roger Vitrac, regi: Jacques Rosner.

**For barna: HENRIK OG PERNILLE** av Ludvig Holberg, regi: Kjetil  
Bang-Hansen. **ALI BABA OG DE FØRTI RØVERE** dukkespel av  
Agnar Mykle, regi: Agnar Mykle.

**CABARET.** Musical av Masteroff/Kando/Ebb, regi: Vera Zorina.  
Première medio september. **HOTEL PLAZA.** Lystspill av Neil Simon,  
regi: Toralv Maurstad. Première i oktober. **SI AT DU ELSKER MEG**  
av Tennessee Williams, regi: Barthold Halle. Première i november.

## trøndelag teater

**TRE SØSTRE** av Anton Tsjekov, regi: Eva Skøld. **EN FOLKEFIENDE**  
av Henrik Ibsen, regi: Kjetil Bang-Hansen. **ANTIGONE** av Sofokles,  
regi: Stein Winge. **EVERYTHING IN THE GARDEN** av Edward Albee,  
regi: Johan Fillinger. **EN MIDTSOMMERNATTSDRØM** av William  
Shakespeare, regi: Eva Skøld.

## Rogaland Teater

**SPILLEMANN PÅ TAKET** av Stein/Bock/Harnick, regi Rolf Daleng.



**PRISEN** av Arthur Miller, regi Ole  
Grepp. **PEER GYNT** av Henrik Ibsen,  
regi: Finn Kvalem. **DEN GLADE ENKE**  
av Franz Lehàr, regi Aloysius Valente.

**For barna: KEISERENS NYE KLÆR** av Per Edstrøm, regi: Sigmund  
Sæverud.



**GJENGANGERE** av Henrik Ibsen,  
regi: Hans Heiberg. **HEDDA**  
**GABLER** av Henrik Ibsen, regi:  
Göran O. Eriksson. **GRESSENKE-**

**MANNEN** av George Axelrod, regi: Arne Thomas Olsen. **SPELE-**  
**MANN PÅ TAKET** av Stein/Bock/Harnick, regi: Rolf Daleng etter  
Tom Abbott. **ARSENIKK OG GAMLE KNIPLINGER** av Joseph  
Kesselring, regi: Kirsten Sørli.





Botmen - 68